

VEDLEGG til Økonomisk langtidsplan 2024-2028

1. Nærmere omtale av helseføretaka sine resultatkrav og økonomiske utfordring -

1.1 Helse Stavanger

Helse Stavanger leverte eit positivt resultat på 107 mill. kroner i 2022. Det gav eit negativt budsjettavvik på 119 mill. kroner. Resultatkravet for 2023 er sett til 10 mill. kroner. I rapporteringa pr. april er ikkje dei økonomiske rammene som følgjer av RNB 2023 innarbeida. Det vil bli gjort ei ny vurdering av resultatkravet for 2023 i samband med behandling av styresak om RNB 2023. Ved rullering av ØLP er det lagt til grunn eit resultatkrav på 140 mill. kroner i 2023.

Helse Stavanger har innarbeida effekten av varig styrking av økonomisk ramme som blei signalisert i føretaksmøtet i februar. Det er ikkje lagt inn estimat på effekt av dei nye midlane som no kommer i RNB 2023 knytt til ekstraordinær løns- og prisvekst samt auka låneramme. Dette er også et forhold som må vurderast inn mot resultatkravet for 2024 då dette er på eit lågare nivå enn ved førre rullering av ØLP.

Det er allereie innarbeida effektiviseringskrav i ØLP. I gjennom arbeidet med OU-prosjektet skal det identifiserast effektiviseringar på om lag 12 mill. kroner i 2024, 125 mill. kroner i 2025 og til saman 224 mill. kroner i 2026. Dette er effektar som har vore med og innarbeida i tidlegare ØLP. Som følgje utsetting av fase II på Ullandhaug og fortsatt drift på Våland vil det mellom anna vere auke i FDV kostnader som tidlegare ikkje har vore innarbeida i ØLP. I tillegg kommer og auka IKT kostnader samt andre driftsforhold som gjer at Helse Stavanger har satt ned resultatet i 2024 til 2 mill. kroner. Føretaket ser no at det er behov for ytterlegare effektivisering på om lag 225 mill. kroner som følgje av auka kostnader i ein mellomfase der drifta er lokalisert både på Ullandhaug og Våland. Helse Stavanger må utarbeide konkrete tiltak for å løyse dette, men ser at det ikkje er realistisk å gjennomføre desse før i 2026. Føretaket må og gjere ei vurdering på resultatkravet i forhold til kva effekt ein gjennomføring på delar av fase II av nye SUS vil kunne gje. I denne rulleringa er resultatet justert ned både i 2024 og 2025 samanlikna mot tidlegare ØLP. Det er og føretatt justeringar i resultatkravet i åra etter 2026.

Forslag til nytt resultatkrav samt gammalt resultatkrav frå Helse Stavanger er som følgjer:

Resultatkrav	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Forslag til nytt resultatkrav	140 000	2 000	-586 000	-201 000	-177 000	-159 000
Gammelt resultatkrav	226 000	165 000	-289 000	-185 000	-172 000	

Føretaket har gjort ein framskriving av resultat med nødvendige investeringar for å få eit bilete av utviklinga og konsekvensar i eit 10 års perspektiv. Utdrag av denne viser følgjande planlagde utvikling på drifta og resultatet:

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	395 300	277 731	311 021	712 839	724 097	726 044
Avskrivningar	231 000	231 000	570 077	595 042	590 448	583 484
Netto finans	-24 300	-45 000	-327 000	-319 000	-311 000	-302 000
Resultat	140 000	1 731	-586 055	-201 203	-177 351	-159 440
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		-117 569	33 290	401 818	11 258	1 947

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2029	2030	2031	2032	2033
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	749 672	767 516	785 587	803 886	822 416
Avskrivningar	586 713	592 337	588 788	584 821	587 929
Netto finans	-294 000	-286 000	-278 000	-270 000	-262 000
Resultat	-131 041	-110 821	-81 201	-50 935	-27 513
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)	23 627	17 844	18 071	18 299	18 529

Tabellen synleggjer at føretaket kvart år framover må forbetre drifta. Byggeprosjektet er delt opp i to byggetrinn. Resultatnivået vil bli lågare i 2025 og utover i perioden då sjukehusutbygginga fase 1 vil vere ferdig slik at renter og avskrivningar vil belaste resultatet. Det er dei siste åra i planperioden dei største endringane på resultatet skjer. Det er også desse åra det er føresett eit høgare gevinstuttak og betring av drifta som følgje av nytt sjukehus.

1.2 Helse Fonna

Helse Fonna hadde eit resultat for 2022 på minus 151,3 mill. kroner. Dette var 131,3 mill. kroner dårlegare enn budsjett. Resultatkravet for 2023 er sett til null kroner. I rapporteringa pr. april er ikkje dei økonomiske rammene som følgjer av RNB 2023 innarbeida. Føretaket har fortsett ei betydeleg økonomisk utfordring og omstillingsbehov, sjølv med ekstra midlar som blir fordelt gjennom RNB 2023. Ved rullering av ØLP er det derfor lagt til grunn at resultatkravet for 2023 blir oppretthaldt som eit null-resultat i 2023 og tilsvarende for 2024. Dette er noko lågare enn det som var fastsett i førre rullering av ØLP der resultatkravet var hhv. 8 og 7 mill. kroner.

Resultatkravet er skissert til å vere positivt for 2025 og 2026, før det igjen blir negativt i 2027. Deretter er det venta at resultatet skal balansere eller bli positivt som følgje av effektivisering i drifta.

Resultatkrava i økonomisk langtidsplan er føreslått som følgjer:

Resultatkrav	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Forslag til nytt resultatkrav	0	0	10 000	25 000	-35 000	0
Gammelt resultatkrav	8 000	7 000	-15 000	-50 000	-25 000	

For å gjennomføre ei drift innanfor resultatkravet som gjeld i perioden, vil det vere viktig å realisere tiltak og gevinstar med eit nybygg , slik at ein legg eit godt grunnlag for framtidige investeringar.

Auken i EBITDA og effektivisering er nødvendig for å kunne møte investeringsbehova i heile helseføretaket og realisere byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus. Effekten av dette er forventa å slå inn frå 2028. Dette er vist i følgjande tabell:

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	253 056	249 862	251 457	251 211	246 464	280 536
Avskrivninger	213 375	218 870	213 242	199 642	229 356	231 424
Netto finans	-39 681	-30 991	-28 216	-26 569	-52 109	-49 112
Resultat	0	0	10 000	25 000	-35 000	0
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		-3 194	1 596	-246	-4 747	34 071

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2029	2030	2031	2032	2033
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	278 359	279 076	279 396	277 194	275 880
Avskrivninger	231 393	204 257	201 723	201 668	200 502
Netto finans	-46 965	-44 819	-42 672	-40 526	-38 379
Resultat	0	30 000	35 000	35 000	37 000
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)	-2 177	717	320	-2 201	-1 314

1.3 Helse Bergen

Helse Bergen hadde i 2022 eit resultat på minus 16,9 mill. kroner som var 116,9 mill. kroner dårlegare enn budsjett. Resultatkravet for 2023 er sett til eit null resultat. I rapporteringa pr. april er ikkje dei økonomiske rammene som følgjer av RNB 2023 innarbeida. Det vil bli gjort ei ny vurdering av resultatkravet for 2023 i samband med behandling av styresak om RNB 2023. Føretaket har ein ambisjon om å komme tilbake til det opphavlege resultatkravet for 2023. Ved rullering av ØLP er det derfor lagt til grunn eit resultatkrav på 150 mill. i 2023.

Helse Bergen har i rullering av ØLP no gjort ei ny vurdering av resultatet og oppdatert dette framover i tid.

Forslag til nytt resultatkrav samt gamalt resultatkrav er som følgjer:

Resultatkrav	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Forslag til nytt resultatkrav	150 000	75 000	50 000	50 000	50 000	10 000
Gammelt resultatkrav	150 000	50 000	50 000	10 000	10 000	

For å nå dette resultatkravet må føretaket forbetre drifta vesentleg i dei kommande åra. Dette er og heilt nødvendig for å kunne realisere investeringsplanane. I tabellen nedanfor er utviklinga i drift, avskrivningar og finanspostar synleggjort gjennom krav om årleg forbetring av drifta (EBITDA). 2024 – 2025 vil vere ei krevjande periode for Helse Bergen. Kostnadar til avskrivningar og netto finans aukar i desse åra som følgje av at Protonsenteret og

Glasblokkene tas i bruk. Denne auken i kostnader må finansierast gjennom effektivisering av anna drift, og EBITDA vil derfor auke i desse åra.

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	775 800	891 137	960 327	960 531	982 928	948 358
Avskrivninger	596 500	704 910	768 781	769 892	789 621	793 910
Netto finans	-29 300	-110 869	-141 354	-140 272	-143 619	-144 060
Resultat	150 000	75 357	50 192	50 367	49 687	10 388
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		115 337	69 190	204	22 396	-34 570

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2029	2030	2031	2032	2033
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	943 902	971 879	1 011 720	1 022 692	1 076 425
Avskrivninger	793 021	801 895	832 233	839 984	870 170
Netto finans	-140 411	-160 277	-169 252	-172 357	-195 769
Resultat	10 469	9 706	10 235	10 350	10 486
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)	-4 456	27 977	39 841	10 972	53 733

Helse Bergen arbeider aktivt med å gjere nødvendige tilpassingar i drifta for å handtere dei økonomiske utfordringane og samtidig klare å skape eit finansielt grunnlag for investeringsplanane. I føretaket sitt forslag til langtidsbudsjett er det lagt opp til ein marginal auke i personalkostnadene for å tilpasse budsjettet i høve til auke på andre kostnadsområde. Samtidig vil kapitalkostnader auke som følgje av at store investeringsprosjekt blir ferdigstilt. Dette vil krevje kontinuerleg omstilling, tilpassing og effektivisering for å handtere auka kostnader innanfor den tilgjengeleg økonomiske ramma.

1.4 Helse Førde

Helse Førde leverte i 2022 eit resultat på 3,6 mill. kroner som var 26,4 mill. kroner lågare enn budsjett. Resultatkravet for 2023 er sett til eit null resultat. I rapporteringa pr. april er ikkje dei økonomiske rammene som følgjer av RNB 2023 innarbeida. Det vil bli gjort ei ny vurdering av resultatkravet for 2023 i samband med behandling av styresak om RNB 2023. Føretaket har ein ambisjon om å komme tilbake til det opphavlege resultatkravet for 2023. Ved rullering av ØLP er det lagt til grunn eit resultatkrav på 20 mill. i 2023.

Resultatkravet er foreslått som følgjer:

Resultatkrav	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Forslag til nytt resultatkrav	20 000	-2 000	-40 000	-35 000	-30 000	-20 000
Gammelt resultatkrav	21 000	-2 000	-40 000	-35 000	-38 000	

Helse Førde si viktigaste føring for langtidsbudsjettet er å sikre bereevne for nødvendige investeringar i bygg og utstyr. Det vil derfor vere nødvendig å redusere kostnadene i dei kommande åra. Det er stilt krav til klinikkane om innsparing som følgje av planlagde investeringar og prosjekt. I tillegg har klinikkane fått generelle innsparingskrav som må løysast innanfor dagens budsjett.

I tabellen nedanfor er det synleggjort forventa resultatutvikling i åra som kjem, og den nødvendige forbetring av driftsresultatet for å skape eit økonomisk grunnlag for å handtere investeringsplanen.

Resultatbudsjett (beløp i heile tus)	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsresultat før avskrivning og renter (E)	139 990	150 784	164 803	164 946	165 800	170 983
Avskrivninger	101 000	123 222	161 010	159 948	159 801	158 241
Netto finans	-18 990	-29 562	-43 793	-39 999	-35 999	-32 742
Resultat	20 000	-2 000	-40 000	-35 000	-30 000	-20 000
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		10 794	14 019	143	854	5 183

Resultatbudsjett (beløp i heile tus)	2029	2030	2031	2032	2033
Driftsresultat før avskrivning og renter (E)	180 983	190 983	190 983	190 983	190 983
Avskrivninger	158 241	158 241	158 241	158 241	158 241
Netto finans	-32 742	-32 742	-32 742	-32 742	-32 742
Resultat	-10 000	0	0	0	0
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)	10 000	10 000	0	0	0

1.5 Sjukehusapoteka Vest (SAV)

Sjukehusapoteka Vest leverte i 2022 eit resultat som var på 9,9 mill. kroner. Dette var om lag 1,9 mill. betre enn budsjett. For 2023 er resultatkravet sett til 9 mill. kroner. Føretaket rapporterer per april 2023 eit resultat i tråd med budsjett.

SAV har resultatkrav på same nivå som i førre økonomiske langtidsplan, og legg opp til eit årleg overskot på 9 mill. kroner i heile planperioden for å dekke likviditetsbehovet relatert til investering i utvikling av sjukehusapoteket i Bergen, nytt apotek i det nye sjukehuset i Stavanger og nye apoteklokalar i Førde.

I tabellen under er det vist forslag til nytt resultatkrav og gammalt resultatkrav:

Resultatkrav	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Forslag til nytt resultatkrav	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
Gammelt resultatkrav	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	

I tabellen under er det vist venta utvikling i driftsresultatet:

Resultatbudsjett (beløp i heile tusen)	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsresultat før avskrivning og renter (EBITDA)	15 437	14 882	22 198	21 976	26 976	36 173
Avskrivninger	7 137	6 582	12 873	12 533	17 617	26 913
Netto finans	700	700	-325	-443	-360	-260
Resultat	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000	9 000
Årleg endring i driftsresultatet (EBITDA)		-555	7 317	-223	5 001	9 196

1.6 Helse Vest IKT

Resultatet i 2022 var på minus 4 mill. kroner som var 5 mill. kroner dårlegare enn budsjett. Resultatkravet er likt som i førre økonomisk langtidsplan, på 1 mill. kroner for heile perioden.

1.7 Helse Vest RHF

Resultatet i 2022 blei eit positivt resultat på 476,6 mill. kroner. Budsjettet var då på 150 mill. kroner og eit positivt avvik i forhold til budsjett på 326,6 mill. kroner. Resultatkravet i Helse Vest RHF er for 2023 sett til eit positivt resultat på 350 mill. kroner. I dette resultatkravet er det ikkje innarbeida nokon reserve som tidlegare år.

Helse Vest RHF vil vidareføre budsjettopplegget frå 2023 og legg derfor til grunn at det med resultatkravet i kommande år og blir sett til 350 mill. kroner.

Fleire av helseføretaka har i sine økonomiske langtidsplanar lagt inn ein føresetnad om internt lån frå Helse Vest. Dette føreset at Helse Vest leverer eit positivt resultat på om lag 350 mill. kroner. Dersom resultatet i RHFet blir lågare vil dette redusere muligheita til å gje internt lån.

- 2. Helse Vest har i ØLP førebels tatt høgde for interne lån i tråd med dei føresetnader som er lagt inn i helseføretaka sine økonomiske langtidsplanar. Dette er likevel berre for å få eit bilde av utlånskapasitet og tildeling av eit internt lån kan først skje når resultatet er kjend, både i RHF-et og i føretaksgruppa. Dersom føretaksgruppa leverer eit resultat som er lågare enn resultatkravet, kan det bli nødvendig å nytte midlane og resultatet i RHFet til å handtera dette i staden for å låne ut til investeringar.**
- Samanlikning av investeringsplanar mot finansieringsgrunnlag samt opptak av lån**

2.1 Samanlikning av investeringsplanar mot finansieringsgrunnlag

Helseføretaka har i sine ØLPar enkelte år kor finansieringsgrunnlaget er negativt. Det er viktig at føretaka tilpasse investeringsplanane i tråd med den tilgjengelege likviditet.

I tabellen nedanfor er det vist finansieringsgrunnlag, avvik mellom investeringsplan og finansieringsgrunnlag samt estimert likviditetsbeholdning.

Helse Vest føretaksgruppa

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	670 000	435 089	-205 863	199 164	167 336	190 948
+ Avskrivning/nedskrivning	1 493 904	1 660 928	2 133 332	2 169 718	2 285 742	2 323 945
= Kontantstrøm fra driften	2 163 904	2 096 017	1 927 469	2 368 882	2 453 078	2 514 893
- Resultatavvik 2022	-70 263					
+ Kapitaltilskot	0	0	0	0	0	0
+ Opptak av nye lån	2 776 418	1 243 361	427 560	608 310	289 508	380 500
+ interne lån	0	0	0	0	0	0
- Avdrag lån	-154 203	-275 848	-466 105	-462 043	-496 386	-514 153
+ Salg av anleggsmidler	101 000	60 000	675 000	0	0	0
+ Gaver	84 304	91 000	0	0	0	0
+/-Overføring av likviditet fra førre år	2 811 962					
+/- annet	228 347	95 899	7 244	21 541	26 731	24 429
Finansieringsgrunnlag investeringar	7 941 468	3 310 430	2 571 168	2 536 689	2 272 931	2 405 668
<i>Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag</i>	<i>1 728 810</i>	<i>(1 051 071)</i>	<i>(245 591)</i>	<i>239 894</i>	<i>506 969</i>	<i>552 768</i>

Likviditet	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Likviditetsbeholdning Bank	3 781 235	2 768 346	1 717 276	1 471 685	1 711 579	2 218 548	2 771 317

Kontantstrøm til å dekke investeringar

Utvidet ØLP periode ved store investeringer

Beløp i heile tusen kroner	2029	2030	2031	2032	2033
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	229 428	288 885	324 034	354 415	379 972
+ Avskrivning/nedskrivning	2 326 255	2 313 616	2 337 871	2 341 601	2 373 728
= Kontantstrøm fra driften	2 555 682	2 602 502	2 661 905	2 696 016	2 753 700
- Resultatavvik 2022					
+ Kapitaltilskot	0	0	0	0	0
+ Opptak av nye lån	366 500	1 010 500	819 000	521 500	385 000
+ interne lån	0	0	0	0	0
- Avdrag lån	-514 744	-536 090	-553 897	-568 167	-614 014
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/-Overføring av likviditet fra førre år					
+/- annet	37 329	49 496	64 642	74 778	60 737
Finansieringsgrunnlag investeringar	2 444 767	3 126 407	2 991 650	2 724 128	2 585 423
<i>Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag</i>	<i>614 267</i>	<i>858 907</i>	<i>432 150</i>	<i>584 628</i>	<i>754 923</i>

Likviditet	2029	2030	2031	2032	2033
Likviditetsbeholdning Bank	3 385 584	4 244 491	4 676 641	5 261 269	6 016 192

Finansieringsgrunnlaget som er vist ovanfor føreset at staten gir lån til dei omtalte prosjekta i tråd med dei føresetnadane som er lagt inn i føretaka sine økonomiske langtidsplanar, både med omsyn til framdrifta i investeringane og nye lån. Det er og ein føresetnad at alle føretaka leverer på resultatkravet som er skissert i perioden. Vidare er det usikkerheit knytt til utvikling i rentenivå og kostnadsindeks for byggeprosjekt. Dersom føresetnadane lagt til grunn i ØLP endrar seg i løpet av investeringsperioden må ein vere førebudd på å gjere nødvendige tilpassingar i investeringsplanen for å tilpasse seg det finansielle grunnlaget.

Med eit høgt samla investeringsnivå i føretaksgruppa er risikoen høg, særleg med tanke på å hente ut dei nødvendige gevinstane knytt til investeringane og risiko knytt til utvikling i kostnadsindeks for byggeprosjekt og auka rentekostnadar. Dei fire tabellane under viser utviklinga i avvik mellom samla investeringsplan og samla finansieringsgrunnlag per helseføretak.

Det er særleg i Helse Stavanger at risikoen er størst, både som følgje av at føretaket har det største investeringsprosjektet i regionen og behov for størst gevinstuttak i drifta. Føretaket har lagt inn føresetnad om eit internt lån på 500 mill. kroner for å handtere utfordringar med likviditet i perioden 2024-2026, synleggjort i tidlegare rulleringar av ØLP. I tillegg har føretaket lagt inn sal av Våland med ein likviditet på 650 mill. kroner for dekke inn overskridingar frå BT1. Det er i RNB gitt ei auka låneramme til føretaket som følgje av ekstraordinær prisvekst. Denne utgjer totalt 380 mill. kroner for BT1 og E-bygget. Denne ekstra låneramme er ikkje innarbeida i tala og vil ta ned risikoen.

Det er og risiko i finansieringsgrunnlaget for Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Førde både som følge av manglande resultatoppnåing, auka rentekostnader og prisvekst.

Dersom nokon av risikofaktorane slår inn og resultatet blir lågare, må føretaka gjere ei vurdering av om det er mogleg å løyse planlagde investeringar innanfor den samla likviditeten i føretaket, eller om det må løysast på ein annan måte. Det kan bli nødvendig å endre på omfanget av investeringsplanane og forskyve prosjekt ut over i investeringsperioden.

Tabellane under viser avviket mellom den samla investeringsplanen og samla finansieringsgrunnlag per helseføretak. Fleire av føretaka har i sine ØLPar midlertidig underdekning på likviditet som må bli dekt gjennom driftskreditt.

Helse Stavanger HF

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	140 000	1 731	-586 055	-201 203	-177 351	-159 440
Effekt av auka renter økt lån						
+ Avskrivning/nedskrivning	231 000	231 000	570 077	595 042	590 448	583 484
= Kontantstrøm fra driften	371 000	232 731	-15 979	393 839	413 097	424 044
- Resultatavvik 2022	-119 109					
+ Kapitaltilskot	572 000					
+ Opptak av nye lån	1 784 764	707 531				
+ interne lån	853 400	660 000				
- Avdrag lån	-627 214	-88 842	-246 047	-249 094	-248 567	-243 941
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-75 500	-3 200		0	0	0
+ Salg av anleggsmidler	100 000	0	650 000	0	0	0
+ Gaver		85 000				
+/-Overføring av likviditet fra førre år	507 526					
+/- annet (overført lån fra året før)	2 000					
Finansieringsgrunnlag investeringar	3 368 867	1 593 220	387 974	144 745	164 530	180 103

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Bygg - tilgjengelig ramme	2 896 768	1 826 284	255 141	20 000	17 000	22 000
Risiko BT1			450 000			
Medisinteknisk utstyr	228 982	124 000	100 000	122 000	59 000	116 000
Anna	41 849	26 900	26 900	26 900	26 900	28 800
Sum investeringar	3 167 599	1 977 184	832 041	168 900	102 900	166 800

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag

	201 268	(383 964)	(444 067)	(24 155)	61 630	13 303
--	---------	-----------	-----------	----------	--------	--------

Likviditet	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Likviditetsbeholdning Bank	1 041 486	854 337	470 373	26 306	2 151	63 782	77 085

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	Utvidet ØLP periode ved store investeringer				
	2029	2030	2031	2032	2033
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	-131 041	-110 821	-81 201	-50 935	-27 513
Effekt av auka renter økt lån					
+ Avskrivning/nedskrivning	586 713	592 337	588 788	584 821	587 929
= Kontantstrøm fra driften	455 672	481 516	507 587	533 886	560 416
- Resultatavvik 2022					
+ Kapitaltilskot					
+ Opptak av nye lån					
+ interne lån					
- Avdrag lån	-241 168	-246 209	-251 414	-256 786	-251 046
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	0	0	0	0	0
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0
+ Gaver					
+/-Overføring av likviditet fra førre år					
+/- annet (overført lån fra året før)					
Finansieringsgrunnlag investeringar	214 504	235 307	256 173	277 100	309 370

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2029	2030	2031	2032	2033
Bygg - tilgjengelig ramme	20 000	44 000	37 000	37 000	37 000
Risiko BT1					
Medisinteknisk utstyr	116 000	150 000	150 000	150 000	150 000
Anna	26 900	26 900	26 900	26 900	26 900
Sum investeringar	162 900	220 900	213 900	213 900	213 900

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag

	51 604	14 407	42 273	63 200	95 470
--	--------	--------	--------	--------	--------

Likviditet	2029	2030	2031	2032	2033
Likviditetsbeholdning Bank	128 689	143 096	185 369	248 569	344 039

Tabell 1: Helse Stavanger - avvik mellom samla investeringsplan og samla finansieringsgrunnlag.

*) Helse Stavanger har i sin ØLP balansert ut finansieringsgrunnlaget med interne lån og sal av tomt. Første del av fase II av utbygginga på Ullandhaug er innarbeida med 1,2 mrd. i investeringsramme og med føresetnad om 70% lån frå staten. Investeringar på Våland er tatt ut av investeringsplanen.

Helse Fonna HF

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	0	0	10 000	25 000	-35 000	0
Effekt av auka renter økt lån						0
+ Avskrivning/nedskrivning	213 375	218 870	213 242	199 642	229 356	231 424
= Kontantstrøm fra driften	213 375	218 870	223 242	224 642	194 356	231 424
- Resultatavik 2022	-131 321					
+ Kapitaltilskot	294 000					
+ Opptak av nye lån	53 560	121 540	208 060	182 310		
+ interne lån						
- Avdrag lån	-346 129	-52 129	-49 808	-45 896	-64 859	-64 859
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-33 889	-21 901	-13 702	-6 351		0
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0	0
+/-Overføring av likviditet fra førre år	83 695					
+/- annet		0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	133 291	266 380	367 792	354 705	129 497	166 565

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Bygg - tilgjengelig ramme	260 540	210 986	332 789	258 948	171 692	97 500
Medisinteknisk utstyr	15 000	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
Anna	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Sum investeringar	285 540	255 986	377 789	303 948	216 692	142 500

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	(152 250)	10 394	(9 997)	50 757	(87 195)	24 065
--	-----------	--------	---------	--------	----------	--------

Likviditet	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Likviditetsbeholdning Bank	402 293	297 669	308 063	298 066	348 823	261 628	285 692

Kontantstrøm til å dekke investeringar

Beløp i heile tusen kroner	Utvidet ØLP periode ved store investeringer				
	2029	2030	2031	2032	2033
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	0	30 000	35 000	35 000	37 000
Effekt av auka renter økt lån	0	0	0	0	0
+ Avskrivning/nedskrivning	231 393	204 257	201 723	201 668	200 502
= Kontantstrøm fra driften	231 393	234 257	236 723	236 669	237 501
- Resultatavik 2022					
+ Kapitaltilskot	0	0	0	0	0
+ Opptak av nye lån	0	0	0	0	0
+ interne lån					
- Avdrag lån	-64 859	-64 859	-64 859	-64 859	-64 859
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	0	0	0	0	0
+ Salg av anleggsmidler	0	0	0	0	0
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/-Overføring av likviditet fra førre år					
+/- annet	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	166 534	169 398	171 864	171 809	172 642

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2029	2030	2031	2032	2033
Bygg - tilgjengelig ramme	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
Medisinteknisk utstyr	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
Anna	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Sum investeringar	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	86 534	89 398	91 864	91 809	92 642
--	--------	--------	--------	--------	--------

Likviditet	2029	2030	2031	2032	2033
Likviditetsbeholdning Bank	372 226	461 624	553 488	645 298	737 940

Tabell 2: Helse Fonna - avvik mellom samla investeringsplan og samla finansieringsgrunnlag.

Helse Bergen HF

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	150 000	75 357	50 192	50 367	49 687	10 388
Effekt av auka renter økt lån						0
+ Avskrivning/nedskrivning	596 500	704 910	768 781	769 892	789 621	793 910
= Kontantstrøm fra driften	746 500	780 268	818 973	820 259	839 309	804 298
- Resultatavik 2022	-116 885					
+ Kapitaltilskot	900 000					
+ Opptak av nye lån	725 094	199 000	219 500	426 000	289 508	380 500
+ interne lån		0	172 080	267 141	48 831	35 000
- Avdrag lån	-940 600	-118 975	-148 531	-148 731	-165 243	-186 675
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-101 000	-95 000	-68 000	-49 000	-12 000	-10 000
+ Salg av anleggsmidler	1 000	60 000	25 000			
+ Gaver	84 304	6 000				
+/-Overføring av likviditet fra førre år	-86 459					
+/- annet	226 347	95 899	7 244	21 541	26 731	24 429
Finansieringsgrunnlag investeringar	1 438 301	927 193	1 026 266	1 337 211	1 027 136	1 047 552

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Bygg - tilgjengelig ramme (forskjøvet plan)	1 211 233	861 269	665 729	880 347	519 771	587 000
Medisinteknisk utstyr	165 000	183 000	195 000	200 000	200 000	200 000
Anna	151 000	115 000	126 000	126 000	126 000	126 000
Sum investeringar	1 527 233	1 159 269	986 729	1 206 347	845 771	913 000

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag

Likviditet	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Likviditetsbeholdning Bank	-115 000	-588	-232 665	-193 128	-62 264	119 101	253 652

Kontantstrøm til å dekke investeringar

Beløp i heile tusen kroner	Utvidet ØLP periode ved store investeringar				
	2029	2030	2031	2032	2033
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	10 469	9 706	10 235	10 350	10 486
Effekt av auka renter økt lån	0	0	0	0	0
+ Avskrivning/nedskrivning	793 021	801 895	832 233	839 984	870 170
= Kontantstrøm fra driften	803 491	811 602	842 468	850 335	880 656
- Resultatavik 2022					
+ Kapitaltilskot					
+ Opptak av nye lån	366 500	1 010 500	819 000	521 500	385 000
+ interne lån	77 000	0	56 000	70 000	0
- Avdrag lån	-186 875	-202 499	-214 399	-222 570	-273 408
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
+ Salg av anleggsmidler					
+ Gaver					
+/-Overføring av likviditet fra førre år					
+/- annet	37 329	49 496	64 642	74 778	60 737
Finansieringsgrunnlag investeringar	1 087 445	1 659 099	1 557 711	1 284 043	1 042 985

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2029	2030	2031	2032	2033
Bygg - tilgjengelig ramme (forskjøvet plan)	695 000	1 074 000	1 373 000	953 000	644 000
Medisinteknisk utstyr	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Anna	126 000	126 000	126 000	126 000	126 000
Sum investeringar	1 021 000	1 400 000	1 699 000	1 279 000	970 000

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag

Likviditet	2029	2030	2031	2032	2033
Likviditetsbeholdning Bank	320 098	579 196	437 908	442 951	515 936

Tabell 3: Helse Bergen - avvik mellom samla investeringsplan og samla finansieringsgrunnlag.

Helse Førde HF

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	20 000	-2 000	-40 000	-35 000	-30 000	-20 000
+ Avskrivning/nedskrivning	101 000	123 222	161 010	159 948	159 801	158 241
= Kontantstrøm fra driften	121 000	121 222	121 010	124 947	129 801	138 241
- Resultatawik 2022	-26 580					
+ Kapitaltilskot	234 000					
+ Opptak av nye lån	213 000	215 290	0	0	0	0
+ interne lån						
- Avdrag lån	-240 260	-15 901	-24 219	-20 822	-20 217	-21 178
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-23 446	-16 009	-9 575	-3 807	-4 000	-3 000
+ Salg av anleggsmidler						
+ Gaver	0		0	0	0	0
+/-Overføring av likviditet fra førre år						
+/- annet				0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	277 714	304 603	87 216	100 318	105 585	114 063

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Bygg	579 800	242 900	26 600	13 000	13 000	18 000
Medisinteknisk utstyr	12 500	20 000	20 000	20 000	20 000	35 000
Anna	8 600	13 600	13 600	13 600	13 600	13 600
Sum investeringar	600 900	276 500	60 200	46 600	46 600	66 600

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	(323 186)	28 103	27 016	53 718	58 985	47 463
--	-----------	--------	--------	--------	--------	--------

Likviditet	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Likviditetsbeholdning Bank	47 456	-249 150	-221 047	-194 031	-140 313	-81 328	-33 865

Kontantstrøm til å dekke inve

Beløp i heile tusen kroner	Utvidet ØLP periode ved store investeringer				
	2029	2030	2031	2032	2033
Resultat til styrking av finansieringsgru	-10 000	0	0	0	0
+ Avskrivning/nedskrivning	158 241	158 241	158 241	158 241	158 241
= Kontantstrøm fra driften	148 241	158 241	158 241	158 241	158 241
- Resultatawik 2022					
+ Kapitaltilskot					
+ Opptak av nye lån	0	0	0	0	0
+ interne lån					
- Avdrag lån	-21 843	-22 523	-23 226	-23 952	-24 701
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-2 000	-1 000	0	0	0
+ Salg av anleggsmidler					
+ Gaver	0	0	0	0	0
+/-Overføring av likviditet fra førre år					
+/- annet	0	0	0	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	124 398	134 718	135 015	134 290	133 540

Investeringar (må spesifiseras i eget ark):

Beløp i heile tusen kroner	2029	2030	2031	2032	2033
Bygg	18 000	18 000	18 000	18 000	18 000
Medisinteknisk utstyr	35 000	35 000	35 000	35 000	35 000
Anna	13 600	13 600	13 600	13 600	13 600
Sum investeringar	66 600	66 600	66 600	66 600	66 600

Avvik mellom investeringsplanar og finansielt grunnlag	57 798	68 118	68 415	67 690	66 940
--	--------	--------	--------	--------	--------

Likviditet	2029	2030	2031	2032	2033
Likviditetsbeholdning Bank	23 933	92 051	160 467	228 156	295 096

Tabell 4: Helse Førde - avvik mellom samla investeringsplan og samla finansieringsgrunnlag.

2.2 Oversikt over opptak av interne lån

Det er lagt til grunn følgende lån i finansieringsgrunnlaget:

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033
Helse Stavanger											
Interne lån frå Helse Vest	75000										
Intern lån Nye SUS (1. internt lån)	150000										
Basebygg	64400										
E-Bygg	564000										
Nytt intermlån, ikke godkjent		500 000									
Lån datahall IKT, ikke godkjent		95 000									
Lån produksjonslokaler SAV, ikke godkjent		65 000									
Helse Bergen											
Helikopterbase			120 000	177 995							
Nordås			52 080	89 146	48 831						
Haukelandsbakken									56 000	70 000	
Utvikling Voss / konsept							35 000	77 000			
Helse Vest IKT - lånes ut fra HV RHF											
	230 000	200 000	100 000	100 000	0	0	0	0	0	0	0
Sjukehusapoteka		25 000									
SUM interne lån	1 083 400	885 000	272 080	367 141	48 831	35 000	77 000	0	56 000	70 000	0

Helse Stavanger har lagt inn føresetnad om nytt lån på 500 mill. kroner til finansiering av BT1. I tillegg har føretaket innarbeida internt lån til finansiering av datahall for Helse Vest IKT med 95 mill. kroner og produksjonslokala for Sjukehusapoteka med 65 mill. kroner. Disse låna er førebels ikkje godkjent, men for å vurdere utlånskapasiteten er desse låna innarbeida i finansieringsgrunnlaget til RHFet.

Helse Bergen har planlagt samleprosjekt i kommande 10 års periode med namn «Utvikling av Haukelandsområdet». Føretaket har sidan førre rullering av ØLP jobba med å spesifisere omfanget prosjektet samt tilpasse framdrifta i tråd med tilgjengeleg finansieringsgrunnlag. Prosjektet består av ein rekke mindre delprosjekt som gjer at det er ein fleksibilitet i det samla prosjektet i forhold til å tilpasse seg eventuelle endringar i dei økonomiske og finansielle rammene. Føretaket har lagt inn føresetnad om lån både frå Staten og interne lån frå Helse Vest. Det er førebels ikkje søkt om lån frå staten til «Utvikling av Haukelandsområdet» då det har vært behov for å tilpasse og avstemme investeringsnivået i tråd med den samla økonomiske og finansielle berekraft. Dette er eit forhold som må følgast opp i tråd med dei retningslinene som gjeld for søknad om lån til store investeringsprosjekt.

Helse Fonna og Helse Førde har ikkje føresettt interne lån frå Helse Vest. Helse Førde har derimot føresettt at dei kan trekke på driftskreditten i en del år fram mot 2029, for deretter å bygge seg opp ein positiv likviditet igjen.

I tabellen nedanfor er det vist oversikt over lån frå staten som er innarbeida i ØLP. Når det gjeld lån til Helse Bergen så er desse ikkje søkt om enno, men innarbeida i ØLPen.

Lån frå staten

Beløp i heile tusen kroner	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033
Helse Stavanger											
Nye SUS	1 107 600	0									
E-bygget	460 000	427 900									
Byggelånsrenter Nye SUS	200 930	246 729									
Byggelånsrenter E-bygget	16 234	32 902									
Helse Fonna											
Haugesund sjukehus	53 560	121 540	208 060	182 310							
Helse Bergen											
BUSP og Protonsenter - GODKJENT	725094	199 000									
Poliklinikk SB: Trinn2						49 000	56 000	70 000	84 000		
SB 4-7 etg. Oppgradering Sengeposter						122 500	105 000	105 000	105 000	105 000	105 000
SB 1 og 2 etg. Patologi ombygg til ny bruk								77 000	70 000	42 000	
SB 1 etg. Oppgradering SOP, inkl Postoperativ				115 500	91 000	87 500	56 000				
Poliklinikk SB: Trinn1, Fase 2 (OP, Post OP, Med US)			28 000	35 000	42 008						
Apotek / Verkstedsbygg			56 000	49 000							
LAB: utvidelse kjernelab				42 000							
Nytt bygg Patologi / kontor						42 000	70 000	210 000	210 000	94 500	
Nytt bygg Lokket						35 000	35 000	329 000			
KK, ombygging til rus og psykiatri			91 000	140 000	112 000						
Infrastruktur sentralblokken, ventilasjon			44 500	44 500	44 500	44 500	44 500	44 500			
Nye byggeprosjekt, uspesifisert								175 000	350 000	280 000	280 000
Helse Førde											
Nye Førde sjukehus	213 000	215 290									
SUM interne lån	2 776 418	1 243 361	427 560	608 310	289 508	380 500	366 500	1 010 500	819 000	521 500	385 000

3. Korleis vil helseføretaka møte behova og følge opp føringane – oppsummering av kvart helseføretak

3.1 Helse Stavanger

Utvikling av tenestene

Den største utfordringa til Helse Stavanger er å behandle eit aukande tal pasientar utan tilsvarande auke i personell og økonomiske rammer. Føretakets strategi for å handtere denne utfordringa er i hovudsak:

- Helse Stavanger må saman med partnarane i helsefellesskapet i Sør-Rogaland ha dialog med befolkninga om korleis helsetenestene kan organiserast framover.
- Auka behov for poliklinisk oppfølging og dagbehandling må løysast i større grad med overgang til digitale helsetenester. Det må også gjerast ei streng prioritering når det gjeld kontrollar og vidare oppfølging i spesialisthelsetenesta.
- Auka behov for døgnbehandling vil føre til innovative løysingar med heimesjukehus og oppfølging i heimen. Slike løysingar er førebels i utvikling av konsept og utprøving fase. Auka vurderingskapasitet ved legevakter og kommunale øyeblikkeleg-hjelp senger og tett samarbeid med prehospitala tenester og akuttmottak vil auke avklaringsraten og redusere behovet for innlegging i sjukehuset. Her står mykje utviklingsarbeid att.

- Hos innlagte øyeblikkeleg-hjelp pasientar er sjukehuset avhengig av effektive pasientforløp for å halde normerte tal på sjukehussenger og unngå korridorpatientar. Dette vil medføre store krav til intern logistikk og utredningskapasitet.
- For elektive pasientar vil kravet vere som no, mest mogleg dagkirurgi, og at inneliggande kirurgiske pasientar blir utgreia poliklinisk og lagt inn som same-dag kirurgi med korte, ukompliserte postoperative forlauf.

Program Alle møter

Program Alle møter er ein del av føretakets strategi for i å møte framtidens utfordringar med å tilby kvalitetstenester til ein aukande befolkning, samtidig som det vil bli knapphet på personell. Alle møter består av fleire prosjekt som skal forenkle, betre og digitalisere samhandling mellom sjukehus og pasient, samt betre planlegging og organisering internt i sjukehuset. Det blir her vist til prosjekt som:

- Pasientflyt og ressursar
- Mitt timeval
- Integrert ressursplanlegging
- Vel heim

Personell og kompetanse

I nytt sjukehus skal Helse Stavanger tilby tenester på ei anna måte enn i dag, og fleire oppgåver må løysast i tverrfaglege samarbeid og team. Leiare må leggja til rette for ny teknologi og leia godt og tydeleg for at kvar medarbeidar skal kjenne seg som ein del av heilheita i føretaket. Rekruttering, utvikling og oppfølging av leiare er eit prioritert satsingsområde i planperioden.

Føretaket vil i planperioden arbeide for en heiltidskultur i samarbeid med tillitsvalte og vernetenesta.

Delt drift mellom Våland og Ullandhaug, samt reduksjon i tal på undersøkings- og behandlingsrom forsterkar og medfører behov for betra organisering og planlegging av tenesta. Planlegging langt fram i tid er ei føresetnad for systematisk og jamn drift i føretaket.

Eit godt arbeidsmiljø blir halde fram som viktig for medarbeidaranes helse og trivsel og for produktivitet og driftsresultat.

Organisasjonsutvikling blir jobba med fram mot Nye SUS, meir tverrfagleg samarbeid og sambruk av personell er ei forutsetning for å ta i bruk det nye sjukehuset på ein god måte.

Utdanning

Helse Stavanger bidreg i et bredt spekter av utdanningar, frå lærlingar til PhD-laup. Helseutdanningane er naturleg nok dominerande, men det tas også opp lærlingar til vektarfaget.

Undervisning av dei tri siste åra av medisinstudiet for UiB startar i august 2023, med studieplan Vestlandslegen.

Helse Stavanger er praksisarena for bl.a. studentar i sjukepleie, vernepleie, paramedic, radiografi og jordmorfaget, der spesielt sistnemnte har vore ein viktig strategisk satsing for å kunne rekruttere jordmødre. Det er og egne utdanningsstillinger for anesthesi-, intensiv, og operasjonssjukepleiare. Føretaket ynskjer å også kunne ha utdanningsstillingar for jordmødre.

Det er oppretta ei eiga avdeling for simulering og simuleringsbasert læring. Denne avdelinga samarbeid med utdanningsavdelinga om eit opplæringsprosjekt for Nye SUS.

Forskning

Helse Stavanger HF har dei siste åra oppnådd større deltaking i prosjekt med finansiering frå tunge internasjonale aktørar, slik som EU-prosjekt. Helse Stavanger har også tatt leiinga av nokon av dei.

I samband med Vestlandslegen vil Helse Stavanger lyse ut forskingsstipend for å styrke økt klinikk nær forskning.

Gevinstrealisering

Føretaket har ikkje konkretisert gevinstpotensialet i tal, men har gitt ei tekstleg framstilling av forventet effektivisering og gevinstrealisering.

Helse Stavanger arbeider med eit OU-prosjekt der det skal identifiserast gevinstar/effektivisering på 12 mill. kroner i 2024, 125 mill. kroner i 2025 og til saman 224 mill. kroner i 2026.

3.2 Helse Fonna

For Helse Fonna vil det vere viktig å prioritere innanfor dei budsjetttrammene som er fastsette i planperioden, for å sikre eit godt tilbod til pasientane og dekke investeringsbehova. Ein vil ha fokus på utnytting av kapasitet og samarbeid mellom sjukehusa i føretaket med felles prosedyrar, felles vurdering av tilvisingar og felles ventelister for å optimalisere pasientbehandlingen.

I planperioden vil føretaket ha fokus på:

- Betre utnytting av dei samla ressursane i føretaket
- Sikre god prioritering av oppgåver med fokus på kostnad og nytte
- Redusere ventetid og fristbrot
- Auke bruken av elektroniske løysingar for forløp, arbeidsprosessar og kliniske avgjerder
- Auka samhandling med kommunane og primærhelsetenesta

Innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er målet å utvikle ambulente tenester ved dei distriktpsikiatriske sentra, auke kapasitetetn ved sentra med låg dekningsgrad og forbetre tilbodet innan barne- og ungdomspsykiatri og sikkerheitspsykiatri på sjukehusnivå.

Kvalitet og pasienttryggleik

Helse Fonna skal videreføre arbeidet med å redusere og førebyggje omfanget av pasientskadar i sjukehusa i tråd med Nasjonal handlingsplan for pasienttryggleik og kvalitetsforbetring og den globale handlingsplanen til WHO.

Føretaket vil fortsette med å auke kompetansen på forbetningsmetodikk gjennom lokale kurs og deltaking i regionale og nasjonale forbetningsutdanninger.

Ved alle distriktpsikiatriske sentra vil det bli lagt til rette for utdanningsstillingar fore legar i spesialiteten rusmedisin, noko som vil bidra til å heve kvaliteten på behandlingstilbodet. Det er og lagt til rette for at BUP Haugesund og BUP Stord kan etablere avklaringsamtalar i samband med kommunal helseteneste. Det er forventa at dette vil bidra til å redusere ventetidene for barn og unge innan BUP.

Tiltaka vil auke bruken av føretaket sine økonomiske midlar på kort sikt, men er forventa å bidra til meir effektiv ressursbruk på lang sikt.

Forsking

Helse Fonna har ein gjeldande strategi for forsking og innovasjon som gjeld frå 2021 til 2026. Her er det største fokuset på å auke tal på kliniske studiar. Føretaket vil legge til rette for skjerme tid for helsepersonell slik at det er mogeleg for klinikkane å prioritere forsking, ha støttepersonell som kan avlaste og ha tilgang til nødvendig rom og utstyr. Det er viktig at leiarar ser verdien av forsking.

Personell og kompetanse

Med fleire mindre sjukehus er det ei utfordring for føretaket å ha tilstrekkeleg fagpersonell og spesialistar. Rekruttering av tilstrekkeleg tal sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar, jordmødre, bioingeniørar, psykologspesialistar og legar innanfor enkelte fagområde vil bli ei større utfordring for føretaket. Helse Fonna arbeider for å vere ein attraktiv, lærande og utviklande organisasjon.

Oppgåver må fordelast frå medarbeidarar med kritisk kompetanse som det er mangel på, til medarbeidarar som det er lettare å rekruttere, og teknologi må utnyttast for å effektivisere arbeidsprosessar. Det er fokus på å gå frå innleige og vikarbruk til faste heile stillingar, og det kan vere hensiktsmessig å auke grunnbemanninga for enkelte einingar for å redusere innleige og vikarar.

Det vil blant anna vere behov for å satsa på utdanningsstillingar for spesialsjukepleiarar og jordmødre.

Helse Fonna er læreplass for fleire fagområde. Ved å legge karriereløp frå føretaket møter studentar i praksis, kan Helse Fonna i større grad sikre utdanningsstillingar.

Helse Fonna samarbeider mellom anna med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandslegen ved Universitetet i Bergen.

Gevinstrealisering

Under følgjer Helse Fonna si tilbakemelding på kva som er venta gevinstpotensial i langtidsplanperioden:

Tal i heile tusen kroner

Prosjekt	Total investering	Årleg gevinstmål	Gevinst innarbeida i budsjett	Årleg forventa oppnåing av gevinstpotensialet					
			2023	2024	2025	2026	2027	2028	
Byggeprosjekt			25 151						31 000
MTU prosjekt									
Regional prosjektportefølje (IKT)		1 500		1 500	5 500	5 500	11 500		12 000
Andre forbetningsprosjekt/tiltak		11 338		11 338	24 912	25 221	31 310		40 049
Sum		12 838	25 151	12 838	30 412	30 721	42 810		83 049

Frå 2028 av er det lagt inn forventa gevinstar på 31 mill. kroner i samband med byggetrinn 2, der vedtatt sentermodell blir ivaretatt og arbeidsvilkåra for somatikk blir betre.

Gevinstpotensialet er basert på erfaringar frå gevinstarbeid i byggetrinn 1.

Vidare er lagt inn gevinstpotensiale i samband med kliniske IKT-prosjekt, kostnadskrevjande legemiddel, betre innkjøpsavtaler som følgje av samarbeid med Sykehusinnkjøp og LIBRA, avvikling av godkjenningsordninga for fritt behandlingsval og å redusere gjestepasientkostnadar.

3.3 Helse Bergen

Medarbeidarane er den største ressursen i føretaket. Det vil vere sentralt for Helse Bergen å ha berekraftige arbeidsplanar med faste, heile stillingar, der ein tar omsyn til venta fråver. Det vil også vere viktig å arbeide med livsfase- og seniorpolitikk.

Det vil vere viktig å leggje til rette for meir fleksibel fordeling av oppgåver, eg bruke teknologi som eit middel for å effektivisera.

Helse Bergen vil i planperioden helsefelleskap mellom kommune og sjukehus for å skape meir samanhengande og berekraftige tenester. Styrking av samarbeidet mellom kommunane og kommunehelsetenesta knytt til førebygging, innlegging og utskriving vil kunne gje økonomisk effekt.

Forskning og innovasjon

Gjennom forskings- og innovasjonsaktivitet vil føretaket styrka helsetenestene til befolkninga. Det vil vere særleg fokus på klinisk behandlingssforskning, der ein dokumenterer effekt, nytteverdi og tryggleik av behandlingssmetodar. Haukeland universitetssjukehus skal vere leiande på klinisk behandlingssforskning, og forskning og innovasjon skal inngå i drifta ved alle kliniske einingar i sjukehuset. Sjukehuset sin ressursinnsats til forskning og innovasjon har auka gradvis, og dei siste åra har det i tillegg vore eit høgt ressurstilgang av eksterne forskings- og innovasjonsmidlar.

Det er eit mål at helsenæring og industri i større grad skal vere knytt til forskingsprosjekt, og at ny forskning og innovasjon blir utvikla i samarbeid mellom helseføretak, akademia og næringsliv.

Utdanning og opplæring

Helse Bergen satsar på auka kompetanse innan rettleiing, og kommunikasjon, ferdigheitstrening og simulering vil stå i fokus. Det pågår interne opplæringsprogram, arbeid med å endre oppgåvedeling og meir fokus på heiltidsstillingar og faste stillingar. Ein er og i ferd med å realisere opptrappingsplanen for å auke tal helsefaglærlingar i Helse Bergen. Det skal også setjast i gang traineeprogram for helsefagarbeidarar.

Mangel på spessialsjukepleiarar og aukande utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar generelt, samt aukande utfordringar med å rekruttere og behalde psykologar og legespesialistar i psykiatri og rusmedisin gjer at dette må ha særleg merksemd framover. Det er mellom anna sett i verk tiltak for å auke utdanningskapasiteten for spessialsjukepleiarar, inklusive jordmødrer.

I opplæring av pasientar og pårørande er brukarmedverknad sentralt. Helse Bergen driv

Lærings- og meistringssenteret som fasiliterer kurs og opplæringsaktivitetar for dei kliniske einingane.

Arbeidsmiljø og pasienttryggleik

Pasienttryggleik og arbeidsmiljø er viktige satsingsområde for Helse Bergen, og blir vidareført i langtidsperioden. Skal ein nå målet om å heile tida betre tenestene og samstundes hindre skade, er det viktig at det systematiske arbeidet med kvalitet og pasienttryggleik er tett kopla til leiinga, og at kvalitet og pasienttryggleik blir sett i samanheng med helse, miljø og tryggleik.

Oppdatert teknologi og digitalisering påverkar og endrar kvardagen til dei tilsette framover. Det krev ofte endring i arbeidsprosessar og arbeidsrutinar. Då er det viktig å ivareta kompetanseheving og fagleg utvikling for dei tilsette.

Helse Bergen skal vere ein framtidsretta kompetanseorganisasjon, noko som krev at det skal vere ein attraktiv, lærande og utviklande organisasjon med eit godt arbeidsmiljø.

Arbeidsmiljøet skal vere prega av tillit, openheit og respekt. Det blir sentralt at ein kan rekruttere, utvikle og behalde dyktige, engasjerte og involverte medarbeidarar. Eit godt arbeidsmiljø bidreg til kontinuitet og nærvær.

Gevinstrealisering

Under følgjer Helse Bergen si tilbakemelding på kva som er venta gevinstpotensial i langtidsplanperioden:

Tal i heile tusen kroner

Prosjekt	Total investering	Årleg gevinstmål	Gevinst innarbeida i budsjett	Årleg forventa oppnåing av gevinstpotensialet				
			2023	2024	2025	2026	2027	2028
Byggeprosjekt		5 000	0	0	1 000	3 000	5 000	5 000
MTU prosjekt		20 000	15 000	15 000	18 000	20 000	20 000	20 000
Regional prosjektportefølje (IKT)		5 000	-10 000	-8 000	-6 000	-3 000	0	0
Andre forbetningsprosjekt/tiltak		40 000	35 000	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
Sum		70 000	40 000	47 000	53 000	60 000	65 000	65 000

Helse Bergen har dei siste åra oppnådd store innsparingar og gevinstar på medikament der framforhandla pris på virkestoff, grad av implementering av avtalar og bruk av rimelegaste virkestoff innan ei legemiddelgruppe er viktige faktorar.

Andre områder føretaket forventa gevinstar i langtidsperioden er i samband med LIBRA-programmet, gjennom IKT-prosjekt og auka digitalisering, ved å investere i nytt utstyr, særleg medisin teknisk og andre så og større prosjekt innan forbetring.

3.4 Helse Førde

Helse Førde har definert tre hovudmål i styringsdokumentet for 2023:

- Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
- Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Det skal blir lagt fram ein ny opptrappingsplan for psykisk helse i 2023. Talet på pasientar (per 100 000 innbyggjar) med vedtak om bruk av tvangsmiddel i psykisk helsevern for vaksne skal reduserast. Det er mål om at aktiviteten i psykisk helsevern skal være høgare i 2023 enn 2022, både når det kjem til døgnbehandling og poliklinisk aktivitet.

Talet på kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderer pasientar i 2023, skal aukast med 15 prosent i forhold til 2022. I budsjettet til Helse Førde blir det årleg satt av middel til forskning som dei tilsette kan søke på.

Tal på utdanningsstillingar for sjukepleiarar innan anestesi-, barn-, intensiv-, operasjons-, og kreftsjukepleie skal aukast sett opp mot 2022. Det same målet gjeld for jordmødrer.

Helse Førde har tenester og tilbod på fleire geografiske lokasjonar, og det er derfor viktig å arbeide for og med felles kultur og samhald.

Personell og kompetanse

Helse Førde vil i 2023 lage ein kompetansestrategi som skal belyse kva behov for kompetanse de neste åre og korleis dette skal dekkast. Dette vil vere ein overordna strategi i føretaket som knyt saman strategiane til utdanning, rekruttering, FoU, leiarutvikling og utviklingsplanen.

Det er ei nasjonal utfordring å rekruttere og sikre nok fagfolk med rett kompetanse til helse- og omsorgssektoren.

ØLP 24-28 legg opp til å redusere kostnader til lønn og personale, ved at ein større del skal gå til investering i bygg og utstyr. Sett saman med behovet for å behalde og rekruttere nok og rett kompetanse til drifta, blir det ei stor utfordring.

Medisinsk-teknisk utstyr og ambulansar

Prosjektet Nye Førde sjukehus har eit eige budsjett for medisin-teknisk utstyr. Det er heller ikkje føremålsteneleg å flytte gammalt utstyr grunna store kostnader med demontering og montering. Det er betre å ta ut levetida i gamle lokale, og gå til anskaffing av nytt når ein flyttar inni nytt bygg.

Helse Førde prøver å ha ei jamn utskifting av ambulansar over tid. Det gjev god økonomi og enkel administrasjon for klinikkane.

Gevinstrealisering

Føretaket har ikkje konkretisert gevinstpotensialet i tal, men har gitt ei tekstleg framstilling av forventa gevinstrealisering.

Område føretaket ser potensial for økonomisk gevinst er knytt til digitale helsetenester, men omfanget er førebels usikkert.

Det er særskilt fokus på gevinstrealisering i programmet Pasientens Helseteneste som heng saman med Nye Førde Sjukehus. Førebels er det ikkje indikasjon på økonomisk gevinst, men kvalitetsforbetring. Det kjem nye driftsmodellar med økonomiske konsekvensar i løpet av hausten.

Helse Førde arbeider og med å støtte linjeleiinga med ansvaret for gevinstrealisering og følgje dette tettare opp. Det er etablert eit team av prosjektleiarar og/eller prosjektstøtte som tek i vare krav om lokalt arkitekturkontor og lokal porteføljestyring, der det i samarbeid med linja vert laga planar for effektiv bruk av nye verktøy.

3.5 Sjukehusapoteka Vest (SAV)

Sjukehusapoteka Vest sin ØLP peikar ut retning for utvikling som byggjer på føretaket sin strategiplan og Helse 2035. Arbeidet med økonomisk langtidsplan 2024-2028 for SAV har i tillegg til framskriving av drifta, lagt vekt på behov for investeringar og utviklingsprosjekt samt finansiering av desse.

Investeringsprogrammet til SAV er 191 mill. kroner i planperioden. I tillegg kjem kostnader til utviklingsprosjekt finansiert over drifta med 15 mill. kroner. Investeringsprogrammet kan delvis finansierast med egne midlar, men det vil være behov for å styrkje likviditeten i perioden. Føretaket har og lagt til grunn lån på 20 mill. kroner frå Helse Vest RHF til eindoseanlegg.

Det er lagt til grunn ein relativ flat utvikling i prisar og uttak av gevinstar i form av auka produktivitet.

Gevinstrealisering

Under følgjer SAV si tilbakemelding på kva som er venta gevinstpotensial i langtidsplanperioden for kvart verksemdsområde:

Gevinstberegning (mill. kroner)	ØLP 2024	ØLP 2025	ØLP 2026	ØLP 2027	ØLP 2028
SHE	-	0,2	0,4	0,7	0,9
PUB	-	0,8	1,3	1,7	2,1
PRO	-	0,3	0,5	0,8	1,0
Sum	-	1,3	2,2	3,1	4,0

I perioden er det estimert en gevinst på 2,2 mill. kroner for Sykehusekspedisjonen (SHE), 5,9 mill. kroner for Publikumsavdelingen (PUB) og 2,6 mill. kroner for Produksjonsavdelingen (PRO), totalt 10,7 mill. kroner for hele SAV.

Gevinstane vart realisert ved å auke aktiviteten utan å ake bemanning for leveransar tilsvarande (auke i produktivitet). Føretaket melder at gevinstar innan publikum skal realiserast ved auka sal og bruttforteneste i utsal som eksisterer ved å yte betre service.